



Skatteetaten

Saksbehandlar
Kristine Eltvedt Fiane

Dykkar dato

Vår dato
25.11.2014

Telefon
51917429

Dykkar referanse

Vår referanse
2014/783871

STURLE SUNDE MELVÆR
SØRSTRANDVEGEN 6
6900 FLORØ

U.off. offl. § 13, mval. § 13-2, 1. ledd, sktbl. § 3-2,
lignl. § 3-13 nr. 1

Bindande førehandsutsegn - Sturle Sunde, fnr.

Vi syner til ditt skriv av 25.10.2014 med førespurnad om bindande førehandsutsegn.

Skatteetaten sin konklusjon i saka

Ein betalingstransaksjon der kunden nyttar ein betalingsformidlar/representant til å gjennomføre betalinga med bitcoin overfor ein nettbutikk eller liknande, vil ikkje vere ei betalingsteneste etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c. Det skal soleis reknast avgift på ein slik transaksjon, jf. meirverdiavgiftslova § 3-1, fyrste ledd.

Det vil ei heller vere tale om ei betalingsteneste etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c når ein som representerer varemottakaren konverterer bitcoin til lokal valuta, og overfører lokal valuta til mottakaren. Ein slik transaksjon vil også vere avgiftspliktig, jf. meirverdiavgiftslova § 3-1, fyrste ledd.

Generelt om ordninga bindande førehandsutsegn

Utsegna er bindande for alle instansar innan Skatteetaten. Dette gjeld likevel berre dersom den utsegna gjeld for ynskjer det. Etter at den planlagde disposisjonen er gjennomført, så må den avgiftspliktige sjølv gje skriftleg melding til skattekontoret om ein ynskjer å leggje utsegna til grunn for sitt avgiftsoppgjer. Dersom melding ikkje er gjeve innan fristen for å levere omsetnadsoppgåve, vil retten til å nytte utsegna normalt falle bort.

Utsegna kan berre gjerast gjeldande dersom disposisjonen utsegna handlar om, er i samsvar med den disposisjonen som faktisk er gjennomført. I meldinga til skattekontoret skal det difor gjevast opplysning om det faktum som vert lagt til grunn i utsegna, jf. "[i]nnsenders framstilling av faktum og jus" nedanfor, er eit anna enn korleis disposisjonen reint faktisk er gjennomført.

Utsegna har berre bindande verknad for disposisjonar som er vedtekne og sett i verk innan tre år etter utgangen av det året utsegna vert gjeve. Den bindande verknaden av ei utsegn tar slutt fem år etter utgangen av det året som utsegna er gjeve. Vidare bør ein vere klar over at dersom rettstilhøvet vert endra ved lov eller forskrift, går desse nye reglane framfor det som er bestemt i utsegna. Elles

Postadresse
Postboks 8103
4068 Stavanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Se www.skatteetaten.no
Org. nr: : 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



er det ikkje høve til å klage over utsegna, men skattekontoret kan gjeve om utsegna dersom ho er urett og det ikkje er til skade for den utsegna gjeld for.

Skattekontoret har i medhald av meirverdiavgiftsloven § 17-1 og forskrift om bindande førehandsutsegn i skatte- og avgiftssaker av 14.06.2005 § 10 gjeve følgjande bindande førehandsutsegn i saka:

Innsendar si framstilling av faktum og jus

Bakgrunnen for førespurnaden om bindande førehandsutsegn er at stadig fleire nettbutikkar ikkje aksepterer andre betalingsmiddel enn bitcoin, eller det hender at dei som betaler med bitcoin får ein betre pris. Dette gjer dei både fordi butikken sparar gebyr på kredittkorttransaksjonar, og fordi betalaren sparar fleire prosent i skjult gebyr for valutakonvertering ved betaling med kort. I tillegg er transaksjonen sikrare og raskare.

Innsendar ynskjer difor å tilby ei teneste der folk kan betale med norske kroner til innsendar, for at innsendar skal utføre betalinga for dei med bitcoin. I høve til dette ynskjer innsendar eit svar på om denne tenesta vil vere unnateke meirverdiavgift etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c.

Vi syner til at Skattedirektoratet tidlegare har omtalt fylgjande om meirverdiavgift på ordinær omsetning av bitcoin etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav d i ei prinsippfråsegn frå 11.11.2013, kor det mellom anna kjem fram at:

"Omsetning av Bitcoin er ordinær avgiftspliktig omsetning av elektroniske tjenester. Skattedirektoratets vurdering er at bitcoins ikke kan anses som "gyldige betalingsmidler" (merverdiavgiftsloven § 3-6 d) og derfor heller ikke kan anses som en unntatt "finansiell tjeneste".

Innsendar peiker på at ovannemnde prinsipputsegn ikkje omtalar betalingstenester etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c, som vert utført ved hjelp av bitcoin.

Innsendar ser føre seg følgjande to betalingstenester:

"Ein typisk betalingstransaksjon vil gjennomførast ved at kunden skal kjøpe ei vare og får ei bitcoin-adresse og ein sum bitcoin han skal betale. Kunden går til meg for å betale denne summen bitcoin for norske kroner. Når vedkommende har betalt pengar for den avtalte summen bitcoin til meg, gjennomfører eg betalinga ved å sende bitcoin til betalingsadressa. Som regel, men ikkje alltid, vil mottakaren av bitcoin-transaksjonen vere ein annan betalingsformidlar som mottek bitcoin, sender melding til butikken om at betaling er gjennomført og overfører pengar til butikken med ei lokal bankoverføring. Nettotransaksjonen mellom kunde og butikk vert dermed at kunden sender pengar til butikken, men via ei teneste som gjennomfører betalinga vha bitcoin.



Her er to betalingstenester omtalt. Både den som representerer betalaren, ved å konvertere lokal valuta til bitcoin og gjennomføre betalinga, og den som representerer mottakaren ved å konvertere bitcoin til lokal valuta og overføre lokal valuta til mottakaren.

Eg ynskjer ei bindande førehandsuttale frå Skatteetaten på spørsmålet om desse to betalingstenestene fell innanfor eller utanfor § 3-6 c) i mva-lova.

Merk at det ikkje er mogleg for betalingsformidlar på den eine sida av transaksjonen å vite kven som formidlar betalinga på den andre sida av transaksjonen, kva betalinga gjeld, eller kva land mottakaren er i. Vi kan derimot vite at det dreier seg om ei betaling, sidan bitcoin ikkje kan brukast til noko anna enn betalingsmiddel.

I november 2013 spurte eg Finanstilsynet om ei slik betalingsteneste er konsesjonspliktig. I januar 2014 svarte Finanstilsynet at dei enno ikkje hadde konkludert i det spørsmålet. Sovidt eg kan lese av mva-lova, gjeld mva-fritaket for betalingstenester alle betalingsstenester, ikkje berre dei som er konsesjonspliktige. Svaret frå Finanstilsynet er vedlagt.

På grunn av konklusjonen på bitcoin og mva-fritak etter § 3-6 d), må privatpersonar som vil betale med bitcoin betale dobbel mva, først for betalingsmiddelet, deretter for vara. Det er neppe intensjonen til Skattedirektoratet å innføre dobbel mva her i landet. Eit mva-fritak for bitcoin-baserte betalingstenester vil løyse problemet, ved å gjere det mogleg å gjennomføre betalinga utan å betale mva på betalingsmiddelet, og leggje mva på vara som i annan handel".

Skattekontoret si vurdering

Skattekontoret skal på bakgrunn av innsender si utgreiing av faktum, og dei føresetnader som vert teke, i det følgjande ta stilling til følgjande:

1. Vil ein betalingstransaksjon der kunden nyttar ein betalingsformidlar/representant til å gjennomføre betalinga med bitcoin overfor ein nettbutikk el.liknande vere ei betalingsteneste som fell utanfor meirverdiavgiftslova etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c, og
2. Vil det vere tale om ei betalingsteneste unnateke meirverdiavgift etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c når ein som representerer varemottakaren konverterer bitcoin til lokal valuta, og overfører lokal valuta til mottakaren?

Skattekontoret vil for ordens skyld gjere innsendar merksam på at ein ikkje har teke stilling til eventuelle andre spørsmål om avgift eller andre problemstillingar som måtte oppstå som følge av den skisserte modell som er valt, ut over dei spørsmål som er drøfta i det følgjande.



Skattekontoret føreset vidare at premissane og faktum som er tatt inn ovanfor er fullstendig i høve til dei spørsmål som vert drøfta.

Vil ein betalingstransaksjon der kunden nyttar ein betalingsformidlar/representant til å gjennomføre betalinga med bitcoin ovanfor ein nettbutikk el. liknande vere ei betalingsteneste som fell utanfor meirverdiavgiftslova etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c?

Bitcoin er ein virtuell internettvaluta som ikkje eksisterer som fysiske setlar og myntar, men berre digitalt i databaser. I motsetnad til konvensjonelle valutaer som kroner eller euro, så er bitcoin heilt desentralisert og verken utstedt eller regulert av nokon sentralbank eller tilsynsmyndighet.

Skattedirektoratet har i ei prinsippfråsegn frå 11.11.2013 teke til orde for at omsetnad av bitcoin ikkje fell inn under unnataket i meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav d. Grunngevinga for dette er at bitcoins "...ikke kan anses som "gyldige betalingsmidler" (merverdiavgiftsloven § 3-6 d) og derfor heller ikke kan anses som en unntatt "finansiell tjeneste". Bitcoins klassifiseres som "tjeneste" (§ 1-3 bokstav c), nærmere bestemt "elektronisk tjeneste" (§ 1-3 bokstav j). Dermed skal næringsdrivende legge 25 % merverdiavgift på sin omsetning av bitcoins".

Innsendar ynskjer å få spørsmålet vurdert ut i frå meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c.

Av meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c går det fram følgjande:

"Omsetning og formidling av finansielle tjenester er unntatt fra loven, herunder c) utføring av betalingsoppdrag"

Innsendar har skissert eit tilfelle der han vil fungere som ein representant for ein annan som ynskjer å betale i ein nettbutikk ved hjelp av bitcoin. Innsendar vil ta i mot betaling i norske kroner frå kunden, og deretter sende bitcoin vidare til nettbutikken sin representant.

Ovannemnte inneber i realiteten at innsendar sin kunde kjøper eit oppgjeve beløp med bitcoin av innsendar, som vert ført over til nettbutikken sin betalingsformidlar. I utgangspunktet har Skattedirektoratet teke til orde for at omsetnad av bitcoins er ei avgiftspliktig teneste etter meirverdiavgiftslova § 1-3 bokstav c og j. Dette inneber i utgangspunktet at nemnde transaksjon vil innebere eit sal av bitcoin til kunden, som det skal reknast meirverdiavgift på etter hovudregelen i meirverdiavgiftslova § 3-1. Dette må gjelde uavhengig av om dei omsette bitcoin vert ført over til ein nettbutikk, eller om dei vert stilt til disposisjon for kunden på anna vis.

Spørsmålet er om transaksjonen likevel ikkje skal ileggjast meirverdiavgift ettersom kunden i realiteten kjøper eit betalingsoppdrag gjennom innsendar si verksemd. Dersom den tenesta som vert tilbydd er å rekne som "utføring av betalingsoppdrag" etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c, vil konsekvensen av dette vere at det ikkje skal reknast meirverdiavgift ved salet av denne tenesta.



Av merknadene til meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c (tidlegare meirverdiavgiftslov 1969 § 5 bokstav b nr. 4, Ot.prp.nr. 2 (2000-2001) går det fram at opprekninga av finansielle tenester i § 3-6 ikkje er meint som ei uttømmende regulering av tenester som er omfatta av regelen, men at det er opent for å gje rom for nye tenester mellom anna som følgje av endringar i marknadsstrukturen. Det vart presisert at det er arten av tenesta som er unnateke frå meirverdiavgift.

Vidare går det fram av merknadene til regelen at omgrepet "betalingsoppdrag" byggjer på tilsvarende ordlyd som nytta i lov av 25.06.1999 nr. 46 om finansavtaler og finansoppdrag (finansavtalelova) § 12 bokstav a. I samband med inkorporasjonen av betalingstenestedirektivet (2007/64) vart regelen endra i 2009 slik at ordlyden i § 12 bokstav a nå er "betalingstransaksjon". Ettersom meirverdiavgiftslova § 3-6 i det alt vesentlege byggjer på finansavtalelova sine omgrep og systematikk, er det av vesentleg betydning å slå fast kva som ligg i omgrepet "betalingstransaksjon" i finansavtalelova. Definisjonen av omgrepet er som følgjer:

"§ 12 Definisjoner

I dette kapitlet betyr

- a) betalingstransaksjon: handling som iverksettes av en betaler eller betalingsmottaker for å innbetale, overføre eller ta ut midler, uten hensyn til eventuelle underliggende forpliktelser mellom betaleren og betalingsmottakeren"

Etter slik innsendar har omtalt verksemda, vert betalingsløysinga initiert ved at kunden (betaler) fører over eit beløp til verksemda hans, som sidan vert veksla til Bitcoin og ført vidare til betalingsmottakaren eller betalingsmottakaren sin representant. I realiteten er det difor tale om to transaksjonar – ein som vert gjort av kunden sjølv, og ein som vert utført av verksemda. Det kan til tross for at det er tale om to transaksjoner, ikkje vere tvilsamt at kunden si innbetaling er ein "handling som iverksettes av en betaler for å innbetale, overføre eller ta ut midler". Transaksjonen er med andre ord samanfallande med lova si definisjon av ein betalingstransaksjon.

Spørsmålet vert så om den aktuelle transaksjon, gjeld overføring av "midler". Omgrepet "midler" er ikkje nærare definert i lova. Men i finansavtalelova § 12 bokstav d er omgrepet "betalingsmidler" definert. Det er difor aktuelt å undersøke om dette omgrepet er samanfallande med omgrepet "midler" slik det vert nytta i bokstav a.

Omgrepet "betalingsmidler" er definert slik i finansavtalelova § 12 bokstav d som følgjer:

- "d) betalingsmidler: pengesedler og mynter samt innskudd og kreditt på konto og elektroniske penger som definert i lov 13. desember 2002 nr. 74 om e-pengeforetak § 1-1 annet ledd"

Denne regelen bygger på betalingstenestedirektivet artikkel 4 nr. 5. Her vert omgrepet "funds" nytta. Omgrepet "funds" går også fram i artikkel 4 nr. 15, som er utgangspunktet for inkorporasjonen av finansavtalelova § 12 bokstav d. Systematikken i betalingstenestedirektivet vil tilseie at omgrepet "betalingsmidler" i den norske inkorporeringa av direktivet, er samanfallande med "midler i bokstav a.



Dersom innsendar si skisserte løysning med overføring av verdier i to ledd mellom kunde og betalingsmottakar skal vere unnateke meirverdiavgift, så er det med andre ord naudsynt at baa transaksjonar gjeld overføring av "betalingsmidler" slik omgrepet er definert i bokstav d.

Innsendar har opplyst at betalaren fyrst betaler til hans verksemd i norske kroner. Norske kroner vil utan tvil falle inn under definisjonen av betalingsmiddel – uavhengig av om desse vert betalt kontant eller som ei alminneleg bankoverføring.

Spørsmålet er likevel om sjølv overføringa av bitcoins kan karakteriserast som overføring av "betalingsmidler". Det er to alternative vilkår som kan kome til bruk etter finansavtalelova § 12 bokstav d her; for at bitcoin skal kunne vere eit betalingsmiddel, så må ein anten karakterisera bitcoin som "innskudd og kreditt på konto" eller som "elektroniske penger".

I det skisserte tilfellet så vil kunden overføre eit beløp til verksemda. Kunden får då eit krav på eit avtalt beløp utbetalt i bitcoin, som vert sendt direkte til betalingsmottakaren. Dette kan ein sjå på som innskot, idet kunden ved sin oppfylling av avtalen (betalinga) får eit krav på bitcoin frå verksemda. Dette kan tale for at kjøpet av bitcoin er eit innskot slik lova nyttar dette omgrepet.

Finansavtalelova § 12 bokstav d byggjer som nemnt på betalingstenestedirektivet artikkel 4 nr. 15. Ved tolking av omgrepet bør ein difor sjå nærmare på direktivteksten. Denne lyder som følgjer:

"15. "funds" means banknotes and coins, scriptural money and electronic money as defined in Article 1 (3) (b) of Directive 2000/46/EC"

Omgrepa "innskudd og kreditt på konto" syner attende til omgrepet "scriptural money". Dette omgrepet er ikkje nærmare definert i direktivet. I samband med utarbeidinga av direktivet vart det gjeve eit høringsutsegn av den europeiske sentralbanken (2006/C109) kor det går fram følgjande:

"The term "scriptural money" is used in the proposed directive without being defined, e.g. in Article 3 (b). Article 4 (8) of the proposed directive and paragraph 7 of the Annex to the proposed directive. It is suggested that a definition of scriptural money should be established (in the definitions article), bearing in mind that only central banks and credit institutions (which include emoney institutions) may hold such funds".

Til tross for dette utsegnet vart omgrepet "scriptural money" ikkje definert nærare i direktivet. Det vil likevel vere ein klar føresetnad at omgrepet "scriptural money", eller den norske inkorporasjonen av omgrepet, "innskudd og kreditt på konto", er avgrensa til å omfatte dei innskot som ein kan gjere i alminnelege bankar og kredittinstitusjonar. Omgrepet "scriptural money" skil seg frå fysiske pengar ved at desse vert handsama elektronisk i eit oppgjer mot kunden og andre finansinstitusjonar. Dette må etter skattekontoret si oppfatning innebere at eit "innskot" i form av bitcoin ikkje kan reknast som eit betalingsmiddel i lova si forstand, med mindre verksemda som har innskotet er ein finansinstitusjon med løyve etter gjeldande regelverk.



Når bitcoin ikkje vert omfatta av vilkåret "innskudd og kreditt på konto", vert problemstillinga om denne forma for elektronisk valuta kjem inn under vilkåret i lova om "elektroniske pengar" etter finansavtalelova § 12 bokstav d.

Omgrepet vart tidlegare definert i lov av 13.12.2002 nr. 74 om e-pengeføretak § 1-1 anna ledd. Denne lova er no oppheva med den følgje av reglane om elektroniske pengar er teke inn i finansieringsverksemdslova. Elektroniske pengar er no definert slik i nemnte lov § 4c-1:

"§ 4c-1. Utstedelse av elektroniske pengar

Med elektroniske pengar menes en elektronisk lagret pengeverdi, representert ved en fordring på utstederen, som er utstedt etter mottatt av midler for å utføre betalingstransaksjoner, og som er anerkjent som betalingsmiddel av andre foretak enn utstederen".

Slik faktum er lagt fram av innsendar, vil kunden/betalaren føre over pengar til verksemda, som gjev han eit krav på at verksemda fører over bitcoin til betalingsmottakar. Etersom kunden ved sin betaling har krav på at verksemda fører over bitcoin vidare, har kunden eit krav på bitcoin på utferdaren. Kunden får ein "fordring på utsteder" etter at han har betalt i norske kroner ("utstedt etter mottak av midler").

Det er vidare opplyst at nettbutikkar i større eller mindre grad aksepterer bitcoin. Bitcoin er soleis anerkjent som betalingsmiddel av "andre foretak enn utstederen".

Det følgjer likevel vidare av § 4c-1 anna ledd at:

"Elektroniske pengar kan bare utstedes av foretak som ar tillatelse til å drive virksomhet som e-pengeforetak, og institusjoner som nevnt i § 1-4 første ledd nr. 1 og 4. Norges Bank og postgirokontorer kan også utstede elektroniske pengar når dette følger av ellers gjeldende lovgivning".

For at bitcoin skal kunne reknast som elektroniske pengar, må det for verksemda sin del ligge føre eit løyve til å drive verksemd som e-pengeføretak, alternativt må ei slik verksemd drivast av ein sparebank, forretningsbank eller kredittinstitusjon etter finansieringsverksemdslova § 1-4 fyrste ledd nr. 1 og 4.

Slik skattekontoret forstår utsegna frå Finanstilsynet som innsendar har lagt ved førespurnaden, er det enno ikkje konkludert om tenestene som innsendar har skissert er underlagt konsesjonsplikt. Det vil soleis ikkje vere mogleg å få løyve til å drive slik verksemd før problemstillinga er ferdig handsama av tilsynet. På det noverande tidspunkt er ikkje bitcoin å rekne som "elektroniske pengar" etter lova – all den tid verksemda ikkje har konsesjon til å drive e-pengeverksemd.

Følgja av dette er at bitcoin ikkje vert karakterisert som betalingsmiddel etter finansavtalelova § 12 bokstav d. Den skisserte overføringsmetoden er dermed heller ikkje å rekne som ein



betalingstransaksjon etter bokstav a. Ettersom meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c syner til finansavtalelova § 12 bokstav a, vil den tenesta som innsendar ynskjer å tilby ikkje vere eit "utføring av betalingsoppdrag" i meirverdiavgiftsrettsleg forstand.

Som følge av at det er ein nær samanheng mellom meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c og reglane i finansavtalelova, vil dette innebere at dei tenestene som er unnateke etter regelen normalt vil vere underlagt konsesjon.

Tenester i form av overføring av bitcoin mot vederlag i norske kroner, er på bakgrunn av ovannemnde ikkje unnateke meirverdiavgift etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c.

II. Vil det vere tale om ei betalingsteneste unnateke meirverdiavgift etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c når ein som representerer betalingsmottakaren konverterer bitcoin til lokal valuta og fører over lokal valuta til mottakaren?

I denne problemstillinga vil transaksjonen vere motsett i høve til det dømet som vert skissert under spørsmål I; i staden for å veksle norske kroner til bitcoin, vil bitcoin verte veksla til norske kroner som vert stilt til disposisjon for kunden ved ein overføring. I dette høve er kunden ein nettbutikk, som tar betalt med bitcoins via innsendar si verksemd. Innsendar ynskjer ei avklaring på om tenesta som representanten gjer vil vere eit betalingsoppdrag som er unnateke meirverdiavgift etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c.

Skattekontoret vurderer transaksjonen på bakgrunn av same regelsett som under spørsmål I. Dette inneber at transaksjonen må tilfredstille vilkåra etter finansavtalelova § 12 bokstav a for å verte karakterisert som ein betalingstransaksjon i lova si forstand.

Problemstillinga vert om mottak av bitcoin, veksling av desse og overføring av norske kroner til kunden er ein "handling som iverksettes av en betaler eller betalingsmottaker for å innbetale, overføre eller ta ut midler". Det må vere klart at ein slik transaksjon er satt i verk av betalingsmottakaren, og at transaksjonen vert sett i verk for å realisere (ta ut) verdiane som ligg i dei mottekne bitcoin.

Som i høve I, jf. over, vil spørsmålet også her vere om transaksjonen er eit uttak av "midler". Ettersom sjølve utbetalinga til kunden skjer i norske kroner, vil denne transaksjonen isolert sett innebere eit uttak av "midler".

Den vesentlege delen av den teneste som vert levert, går likevel ut på at bitcoin vert motteke av verksemda, og at verksemda realiserer dei underliggjande verdiar som bitcoin representerer. Dei verdiane som vert teke ut, er soleis ikkje "midler" i lova si forstand.

Dette må etter skattekontoret si vurdering innebere at transaksjonen som vert gjennomført ikkje er ein "betalingstransaksjon" etter finansavtalelova, all den tid tenesta som vert levert i realiteten er mottak og veksling av bitcoin.



Transaksjonen er soleis ikkje omfatta av unnataket i meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c.

Konklusjon

Ein betalingstransaksjon der kunden nyttar ein betalingsformidlar/representant til å gjennomføre betalinga med bitcoin overfor ein nettbutikk eller liknande, vil ikkje vere ei betalingsteneste etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c. Det skal soleis reknast avgift på ein slik transaksjon, jf. meirverdiavgiftslova § 3-1, fyrste ledd.

Det vil ei heller vere tale om ei betalingsteneste etter meirverdiavgiftslova § 3-6 bokstav c når ein som representerer varemottakaren konverterer bitcoin til lokal valuta, og overfører lokal valuta til mottakaren. Ein slik transaksjon vil også vere avgiftspliktig, jf. meirverdiavgiftslova § 3-1, fyrste ledd.

Ver vennleg å vis til vår referanse ved førespurnader i høve saka.

Med helsing

Turid Soma Tysnes
Fung. underdirektør
Nemnds- og rettsseksjonen
Skatt vest

Hild Sande Røkke